

Jnr. 1102.16
GJG/rr

Til
Helse Vest v/ Herlof Nilsen
Helse Fonna v/ Olav Klausen

PROSJEKT FOR STORD SJUKEHUS

Samarbeidsrådet for Sunnhordland drøfta i møte 16. september prosjektgruppa sitt arbeid med Prosjekt for Stord sjukehus og har gjort samrøystes vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar opp om dei tilrådingar som prosjektgruppa samrøystes har kome fram til i sitt arbeid med Prosjekt for Stord sjukehus.
2. Samarbeidsrådet treng ein klar garanti frå den administrative leiinga ved Helse Fonna og Helse Vest for at også desse støttar dei breie prosessane prosjektgruppa legg opp til mellom sjukehusa i føretaket – som skal sikra ei stadig betre grunnlag for utvikling og oppretthalding av akutfunksjonar – samt stadleg leiing ved sjukehuset på Stord.
3. Utviklinga av Helse Fonna bør følgje dei tilrådde hovudprinsipp gjennom samordna tiltak og integrerande prosessar som skal leia til betre fagleg integrasjon, trygge roller, ein pasientretta arbeids- og funksjonsfordeling som styrkar både helsetenesta i Sunnhordland og Vestlandet elles.

Sunnhordland, 19 september 2016

Wenche Tislevoll
fung. styreleiar

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.